



Ronja (14) er eitt stort talent

Ronja Lakselv, det 14 år gamle songtalentet frå Brekketoppen, imponerte stort på heimebane i dag. Ho hadde fleire

avdelingar under Aktivitetsdagen, både sjølvkomponerte og andre songar, og fekk mykje applaus. Så song ho då også før ho kunne snakke! At ho ikkje gjer seg etter første freistnad i Norske Talentar er svært naturleg.



Trekkspeklubben sviktar ikkje

Ronja beviste nok ein gong kor allsidig ho er og det skal verta svært spennane å oppleva utviklinga hennes.



5 blide unge med jojo sel Uskedalsposten. Dei er Ida Marie, Thea, Hanna, Niclas og Amalie

Men som det plar vera var det også fleire som gjorde inntrykk under DAGEN og trekkspeklubben må nemnast spesielt.

Denne gongen var 5 trekkspelalarar supplert med ein gitar - Lorentz Hannelønning frå Stord - og det var eit vellukka supplement. Klubben presenterte ein allsidig halvtimeskonsert og dei fleste dansane var arrangert av musikalsk leiar Nils Nåsen.



Flinke dansarer frå Herøysund

Også denne gongen var dei finke dansejentene frå Herøysund spenstig til stades, men det var også eit anna innslag frå nabobygda som ikkje var programmert. Det var det flåten Flåtepus som sto for. Den imponerande farkosten som la til ved ytterste pir er eit heilt nytt samarbeidstiltak som 12 ungdommar står bak. Førebels har det vist seg forbausande sjøsterk og har gjort unna distansen frå Husnes til Rosendal på 5 timar.

Men vi antar at ein kan bli sjøsjuk i andre høgda....



Dette er Flåtepus

Sjørøverkaptein Sprød med farkosten sin vart igrunden sett litt til side av flåteinnslaget men han ga ikkje opp å finna skatten denne gongen heller. Han fann den på Rabben og dermed er det grunn til å tru at han kjem att fleire gongar...
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen